



## KYSTVERKET

Vest

Fylkesmannen i Hordaland  
Kaigaten 9  
5020 BERGEN

Dykker ref.:

Vår ref.:  
2018/2111-7

Arkiv nr.:

Saksbehandlar:  
Turid Susort Jansen

Dato:  
17.07.2018

### Motsegn til reguleringsplan for Feste kai- og næringsområde, planID 1263-201609 - Lindås kommune, Hordaland fylke

Syner til brev frå Lindås kommune av 20.6.2018 om ovannemnde.

**Kystverket Vest varsler motsegn mot planlagt flytebrygge i reguleringsplan for Feste kai- og næringsområde, planID 1263-201609 i Lindås kommune. Tiltaket ligg i ei bilei, og fell inn under Hamne- og farvasslova §27, andre ledd, om tiltak i sjø. Planlagt flytebrygge kan virke på tryggleiken og framkoma i farvatnet.**

I plansamanheng skal Kystverket ivareta omsynet til god framkomme, trygg ferdsle og forsvarleg bruk av farvatnet.

Reguleringsplanen for Feste kai- og næringsområde inneheld eit hamneområde i sjø, der det er planlagt ei flytebrygge som strekkjer seg ut i arealet avsatt til farleia «2262-Alvesund-Fonnesstraumen». Denne farleia ved Feste, som er ein del av den indre kystleia, er smal og vert trafikkert av fleire typar fartøy av ulik storleik.

Hurtigbåtane til Norled trafikkerer dagleg forbi Feste, og Kystverket har hatt saka på høyring hjå Norled. Dei har gitt følgjande uttale til saka: «*Flytebryggen vil strekke seg nærmere en trafikkert led, som allerede er trang nok som den er. Her er ofte møtende skipstrafikk, og området er ofte eksponert for nedsatt sikt, som tåke og frostrøyk. På bakgrunn skissene for flytebryggen ved Feste, er de faste skiftene på "Njord" unisont enige om å ikke tilråde utlegging*». Kystverket stiller seg bak Norled sin uttale.

Flytebrygga ligg i ei bilei, og Kystverket skal handsama tiltaket etter hamne- og farvasslova §27, andre ledd til tiltaket.

#### § 27. Tiltak som krever tillatelse

*Bygging, graving, utfylling og andre tiltak som kan påvirke sikkerheten eller fremkommeligheten i kommunens sjøområde, krever tillatelse av kommunen hvor tiltaket skal settes i verk. Som tiltak regnes bl.a. fortøyningsinstallasjoner, kaier, brygger, broer, luftspenn, utdypning, dumping, akvakulturanlegg, opplag av fartøy, lyskilder, kabler og rør. Kommunen kan ikke gi tillatelse til tiltak som vil stride mot bestemmelser gitt i eller i medhold av loven her.*

#### Region Kystverket Vest

Sentral postadresse:	Kystverket Postboks 1502 6025 ÅLESUND	Telefon:	+47 07847	Internett:	<a href="http://www.kystverket.no">www.kystverket.no</a>
E-post:					<a href="mailto:post@kystverket.no">post@kystverket.no</a>

For besøksadresse se [www.kystverket.no](http://www.kystverket.no) Bankgiro: 7694 05 06766 Org.nr.: NO 874 783 242

Vi ser om at brev, sakskorrespondanse og e-post vert adressert til Kystverket, ikkje til avdeling eller enkeltperson

*Tiltak som nevnt i første ledd som skal settes i verk i hovedled eller biled eller for øvrig utenfor kommunens sjøområde, krever i stedet tillatelse fra departementet. Det samme gjelder tiltak som skal settes i verk innenfor kommunens sjøområde, men som kan påvirke sikkerheten eller fremkommeligheten i hovedled eller biled.*

Ut i frå trafikkbilde har Kystverket vurdert at planlagt flytebrygge kjem så langt ut i farleia «2262-Alvesund-Fonnesstraumen» at tiltaket er til fare for tryggleiken og framkoma i farvatnet.

Kystverket har ikkje merknader til tiltak som er planlagt på land.

Saka sendes til fylkesmannen i Hordaland til vidare sakshandsaming.

Med helsing

Turid Susort Jansen  
seniorrådgiver

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Eksterne kopimottakere:  
LINDÅS KOMMUNE Kvernhusmyrane 20 5914 ISDALSTØ